

«Tysnes» for 50 år sidan



Frå nr. 16 - 16 august 1958

Skogreisingsleidaren i Tysnes

kan fortelja at der i vår vart sett ut 120 000 granplanter, og av desse har plantegjengen sett ut 75 000. No er det ikkje berre planter desse karane set ut, dei tek og ymse rydjingsarbeid, tynningsarbeid og elles ettersyn av plantefelt. Skulle det vera nokon som treng sovøre arbeid utført, er det berre å venda seg til skogreisingsleidar Trygve Nilsen, Tysnes. Ein får hjå han alle opplysningar.

Ein velkjend Tysnesing

i Brooklyn, Greg. Paulsen (Beltestad) har i sumar vitja slekt og vener i Norge saman med kona, Tora, som er frå Lyngdal.

Dottera, Groce, har og vore på tur til Europa og har m.a. vitja utstillinga i Belgien og ellers reist i Belgia, Tyskland, Sveits og Østerrike og tilslutt ei svipstur til Norge og vitja slekta frå Tysnes og i Lyngdal.

Ho har eksamen fra Wälker College og er tilsett som kjemikar på laboratoriet i eit New York hospital.

Samson Skår

er ein av dei som har vitja heimlandet etter mange års fráver. Han er og faren attende til Amerika.

Haalandsnes ungdomslag

er så smått byrja å røra på seg, og dei har teke til med dreising av ungdomshus. Som kjent kjøpte dei i si tid det gamle skulehuset på Flygansvær, og det er no meininga å byggja oppatt. Haalandsnes er nok heller ei stor bygd, men ungdommen må der som andre stader på Tysnes for det meste utanom øya etter levemåten, og det vert difor tungt for dei som er heime å makta finansieringa. Dei tenkjer likevel ikkje på noko storvegs bygg, og det er difor grunn til å tru at dei maktar oppåva.

Helsing: 50 år

Gunnar Onarheim, tidlegare postopnar og handelsmann, Årbakka, fylte 80 år 22. juli.

Han var fødd på Onarheim, foreldra var Ola Onarheim, mora Siri, fødd Humlevik. Faren døydde tidleg, og dei to gutane Samuel og Gunnar vart mora si trøyst.

Samuel lærde seg til stuert. Gunnar gjekk styrmanns- og skipperskulen og reiste til sjøss mange år. Han vart gift med Lorentze Lid og fekk heimen sin på Liestrand.

Dei fekk ein heil barneflokk, 6 gutar og tre jenter.

Gunnar har hatt ei god helse, djerv og tiltaksam. På sjøen trivs han, og enno er han seint og tidleg på ferd etter pale og makrell, og mange av dei har han fått tak i.

- Takk for farne år, og med ynskje om helse og signing framover år som kjem!

M.

Oselvar-NM

Sølvmedalje til Tysnesbåt

Under helgas Oselvar-NM på Milde vart det sølvmedalje til Tysnes-båten Berserk, segla av Jan Vee, Lars Norvald Grøteide og Jan M. Hansen.

Laurdag segla dei 20 båtane på Korsfjorden under perfekte forhold. Stodig bris frå nord og flott vær gav arrangøren Milde Båtlag ein enkel jobb med å leggja ut trekantbanen. Berserk opna med to tredjeplassar og avslutta dagen med å vinna det siste løpet. Dermed var båten øvst på resultatlista etter fyrste dag.

Vanskelege tilhøve

Sundag var tilhøva verre, været var grått og vinden svært svak og ustabil. Banen vart lagt innerst i Fanafjorden og etter ein times venting kunne ein setja i gong. Tilhøva var svært skiftande og noko bingo-prega. Berserk hadde ikkje bingo-lukka med seg og enda på ein 15. plass i fyrste løpet. I det siste løpet vart det derimot ein ny tredjeplass og dermed var sølvmedaljane sikra.

- Dette var sjøvsagt gledeleg og over forventning, seier ein nøgd eigar og rormann Jan Vee. Han stilte med nykomponert mannskap til NM. Dette var fyrste gong han sigla i lag med Lars Norvald Grøteide frå Siglarlaget Njord Tysnes og Jan M. Hansen frå Milde Båtlag.

- Dei var svært gode seglarar, rosar Vee.



Fine forhold: Laurdag var det svært fine forhold for oselvarane i NM på Korsfjorden.

Fire andre Tysnesbåtar

Vinnar av Oselvar-NM vart Milde-båten Stegg med Stein Olav Drange som rormann og Lene og Hilde Visthoff Drange som mannskap. På tredjeplass kom Austevollsbåten Carmencita med Olav H. Østervold som rormann og Ida Helen og Christian Østervold som mannskap.

I tillegg til Berserk var det med i alt fire andre Tysnesbåtar. Glimt med rormann Bernhard Gjerstad og Kristin Gjerstad Kleppe og Andreas Gjerstad Kleppe som mannskap, vart nr. 14 samanlagt. Seira vart nr. 10 samanlagt med rormann Svein Økland og Åshild og Sindre Økland som mannskap.

Underteikna hadde lånt

Hjellestadbåten Teddy, som vart nr. 9 og hadde med Anne Raangs og Kristian Weihe som mannskap. Knuppen kom på åttande plass med rormann Lars Grøteide og Morten Epland og Gro Merete Alendal som mannskap.

Av Kjell Magnus Økland

LESARBREV

Nostalgi med gode minner

Som pensjonist har eg no i ca. 15 år hatt glede av å kunne opphalda meg her i Teigen, som eg gjennom over 70 år har blitt så ubeskriveleg glad i - i lengre periodar. I denne stova sat me to brør og lydde til bestemor som bla. Las i tidskrifter med bibelsk tilsnitt - ja nokre av bøkene var til og med illustrert. Nostalgi

med gode minner, det kan eg leva med. Synge nokre av dei songane som var godt likte i heimane her, til eige akkompagnement.

Abbonent på bladet Tysnes var eg og, og syntes det var naturleg. Derfor finn eg i dette av eldre årsklasse mykje interessant. 17. januar 1985 «Ein tidsbok ved Uggdal

sentral er over». I «Telesong» av Kåre Lundepå heile 6 vers tillater eg med å sitera det første:

Her imellom holmar, fjell og flu

Her var folket vane med å snu

På ei sveiv, og skaffa seg kontakt

Via dei som trufast sat på

vakt.

I tilknytning til dette har eg lyst å nemna eit eksempel. «Eg skulle gjere ha snakka med Marie Berge!» Ein liten pause - so kom sentraldama igjen «Eg trur ikkje ho er heime - skulle visst til Skorpo i dag».

Venleg frå Arnold Risan, Onarheim

Våkenetter i Våge

Høy musikk fra Mandelhuset holder Vågefolk våkne halve

natten - slik har det vært flere helger i sommer. Det har vært ute-

konserter og konserter inne med dører og/eller vinduer åpne, forrige helg til og kl. 02 både natt til lørdag og til søndag. For mange har det

vært umulig å sove før ved 03-tiden.

Problemet er sjølsagt at Mandelhuset ligger i et boligområde. En eldrebolig er en av de nærmeste naboen og ellers bor her mange barnefamilier, både fastboende og ferie-folk.

Våge er ikke ukjent med sommer-festing, med årlige

seilerfester og andre musikk- og dansearrangementer i Ungdomshuset. Dette er arrangementer innendørs og absolutt til å leve med for de fleste.

Det som er kommet de siste årene er høy musikk utover natten, og som forstyrrer nattesøvn rundt hele Våge-bukten.

Det må opphøre, enten ved at de ansvarlige på Mandelhuset viser ansvar, eller at lok-

ale myndigheter (kommune/politi) ordner opp. Musikk som forstyrrer på denne måten må etter min mening stoppe aller seinst kl. 24.

Mandelhuset er en velkommen tilvekst til sommer-Våge (og ellers i året), med god mat og drikke og mange hyggelige arrangementer.

Tross det - folk har rett til nattesøvn i egne hus og hytter!

Våge 9808 Per Knudsen